



ADVOKAT ANDERS GUSTAV BJØRNSEN  
Postboks 46 Vågå  
2684 VÅGÅ

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Geir Halvor Vedum, 61 26 61 57

## Vedtak i klagesak konsesjon - g/bnr 48/1 - Vågå kommune

Statsforvaltaren i Innlandet viser til Vågå kommune si oversending den 14.06.2024 av klagesak knytt til konsesjonsavslag på Sandbusgarden g/bnr 48/1 der konsesjonssøkjjar er Tom Erik Gården. Vi viser og til klage frå advokat Anders Gustav Bjørnsen, Vågå kommune si saksutgreiing og dei andre dokumenta i saka.

### Konklusjon:

**Statsforvaltaren i Innlandet tek klaga til følge og gjer om Vågå kommune sitt vedtak. Søknad frå Tom Erik Gården om konsesjon på g/bnr 48/1 for å leggja denne til g/bnr 58/1 som tilleggsareal innvilgast. Det setjast som vilkår for konsesjon at konsesjonseigedomen innan eit år frå overtaking vert teken i bruk som heilårs bustad (upersonleg buplikt). Buplikta gjerast gjeldande i fem år.**

**Statsforvaltaren si avgjerd er endeleg og kan ikkje klagast på.**

### Bakgrunn for saka:

Tom Erik Gården søkte Vågå kommune om konsesjon den 02.03.2024 på landbrukseigedomen Sandbusgarden g/bnr 48/1 i Skårvangen i Vågå. Overdragar av eigedomen er Ola Fagernes. Gården har kjøpt eigedomen som tilleggsjord til garden han eig og driv frå før, Nordre Ødegarden g/bnr 58/1. Gardane ligg i same grenda med ein køyreavstand mellom tuna på ca. 1 km. Den avtalte kjøpesummen er kr. 4.300.000.

I søknaden opplyser Gården at han ikkje har plan om å busette seg på eigedomen. Det er to bustadhus på Sandbusgarden, desse har han avtale om å få leige burt til flyktingtenesta Vågå kommune.



Både Gården og Fagernes er medeigarar i Skårvangen Fellesfjos AS (heretter omtala som S.F.). Gården opplyser at han leiger Sandbusgarden (vi forstår dette slik at han leiger jorda på eigedommen) og leverer avlinga til S.F. Det er ikkje husdyr på Sandbusgarden.

Som tillegg til landbrukseigedommen har difor Gården og kjøpt Fagernes sine aksjar i S.F. og overtek Fagernes sin posisjon i S.F. Det inneber at både avling og mjølkekvote haldast disponible for S.F. og at Gården får det økonomiske utbyttet av samdrifta gjennom sal av fôr, og kor mykje mjølk som leverast frå samdrifta.

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning behandla søknaden i sak 14/2024 den 16.04.2024. I saksutgreiinga har administrasjonen vist til vedtak i kommunestyret frå 2021 kor det vert beslutta kommunale retningslinjer for saker etter jord- og konsesjonslova. Utvalet fatta følgjande samrøystes vedtak:

*«Med heimel i konsesjonslova avslår Vågå kommune Tom Erik Gården sin søknad om konsesjon på kjøpet av Sandbusgarden, gbnr 48/1.*

*Vi legg til grunn for vedtaket at Gården sitt kjøp av Sandbusgarden i mindre grad vil sikre busettinga i området. Ut frå omstende knytt til aksjeeigaravtale knytt til Skårvangen Fellesfjos AS vil ervervet i mindre grad medføre ei driftsmessig god løysing på kort, men og på lengre sikt. Omsynet til busetting, samfunnet og landbruksnæringa blir i for liten grad blir teken i vare ved å innvilge konsesjon.»*

Den 29.04.2024 klagar du på avgjerda. Klaga er i hovudsak tufta på momenta som er lista opp under. Kommunen si vurdering av momenta, slik dei kom fram i saksutgreiinga ifm. med at klaga vert teken til behandling den 11.06.2024, er og gjengjeve.

- Kommunen har nedvurdert eller tilsidesett omsynet til det aktive landbruket i området. Busettingsomsynet er vekta tungt medan omsynet til god driftsmessig løysing er vekta langt mindre. Det er ikkje ei korrekt avveging mellom omsyna å vekte eit moment så tungt at det fullstendig køyrer over andre det omsynet

Kommunen:

*Sandbugarden er ei relativt ressurssterkt bruk med bl.a. mjølkekvote og to bustader, driftsbygning mm. Vedtaket er fatta innafor rammene av kommunale skjønnet, her under å avgjere om gardsbruket framover skal vere eit sjølvstendig bruk eller om det bør nyttast som tilleggsjord*

- Kommunen har oversett betydninga av å halde oppe folketalet i distrikta og å syta for at dei har moglegheiter til å ha arbeid og inntekt der dei bur. Skårvangen er peika på som ein del av Vågå kommune der er viktig at dei kan ha arbeid lokalt. Konsesjonssøkjar har all si inntekt frå jordbruket. For å sikre at han kan oppretthalde si busetting i Skårvangen må han sikrast eit naudsynt ressursgrunnlag

Kommunen:

*Det er spesielt med at det er eit fellesfjos tufta på eit aksjeselskap og ei aksjeeigaravtale som bind deltakarane til å levere grovfôr og å halde mjølkekvote for selskapet. Det er og spesielt at avtala opnar for fristille samdriftsdeltakarane slik som i dette tilfellet når fjoslånet er innfridd. Situasjonen hadde vore ein annan om Gården hadde produsert mjølk i eget fjos og sjølv hadde nytta konsesjonseigedommen som tilleggsareal*



- Konesjonseigedommen er gjennom dei siste åtte åra vorte ein integrert del av den samla drifta til konesjonssøklar, drifta er dimensjonert og avhengig av arealressursen som konesjonseigedommen utgjer. Areala er viktige for å oppretthalde både sauehaldet, fôrbehovet for samdrifta og den inntekta som konesjonssøklar samla sett får av dei ressursane han nå rår over. Det opplyst at han berre eig 89 av dei 500 daa jord som han driv og at han ikkje kan risikere å sleppe frå seg areal når noko kjem på sal. Det visast til rundskriv M-1/2021 s. 26 og at erverv av leigd jord vil vere ei god driftsmessig løysing sjølv der avstandar og andre tilhøve ikkje er fullt ut så gode som dei i utgangspunktet burde vere

Kommunen:

*Grovfôrarealet på Sandbusgarden er på 145 daa som omtrent samsvarar med det arealgrunnlaget som behøvast for å fylle mjølekvota på 126 tonn. Det inneber at det ikkje er konesjonseigedommen som utgjer arealgrunnlaget for Gården si sauedrift. Dersom det framover skal vere mjølkeproduksjon på konesjonseigedommen vil ikkje eit avslag på konesjon ramme sauehaldet til Gården i særleg grad. Gården vil miste ei potensiell salsinntekt frå sal av grovfôr, kvoteleige og utleige av to bustadhus*

- Drifta på konesjonseigedommen har frå 2007 vore basert på samdrifta. Det er ikkje grunnlag for sjølvstendig drift der utan at det vil utløyse store behov for investeringar. Garden er difor best eigna som tilleggsjord, om ikkje vil garden verte eit reint hobbybruk eller ein gard med passiv bortleie av jorda

Kommunen:

*Konesjonseigedommen, som sjølvstendig eining og arbeidsdeltaking i samdrifta, kan gje ein arbeidsplass*

- Kommunen har lagt til grunn at det er ein sjølvfølge at eigar av konesjonseigedommen kan tre inn som permanent samdriftspartner. Det er ikkje teke høgd for at samdrifta er organisert som eit aksjeselskap. Aksjonæravtala og aksjelova legg nokre føringar gjennom bl.a. krav om styregodkjenning av nye aksjeeigarar og forkjøpsrett av aksjar. Klagar legg her vekt på at det er ein moglegheit at ein annan kjøper enn konesjonssøklar ikkje er sikra retten til å tre inn i samdrifta, ettersom dei andre aksjeeigarane kan gjere bruk av sin forkjøpsrett etter aksjelova. Konesjonssøklar er allereie «inne» i samdrifta og har eit betre utgangspunkt. Det nemnast og at dei andre aksjeeigarane har signalisert at det kan vere aktuelt å nytte forkjøpsretten.
- S.F. er ein viktig kommersiell aktør innan landbruket i bygda. Konesjonssøklar er allereie med i samdrifta og ein «garantist» for at Sandbusgarden bidreg langsiktig. Ein annan ny eigar kan nytte moglegheita ved å tre ut av selskapet så tidleg som i 2027 når gardane ut frå aksjeeigaravtale kan trekkje seg frå samarbeidet når fjøslånet er innfridd. Ved å ikkje gje konesjon til Gården veit ein ikkje kva for ein type nye eigar man får. Det kan like godt vere eit positivt bidrag som negativt. Klaga legg vekt på at eit konesjonsavslag utgjer ein risiko med ukjende konsekvensar.

Kommunen:

*At samdrifta kan gå usikre tider i møte når lånegjelda er nedbetalt kan og bli påverka om ein av aksjeeigarane få tilgang på to mjølkekvoter. Då vil denne kunne få større innverknad på avgjerder i selskapet.*

Du konkluderer i klaga med at det er den beste driftsmessige løysinga at Gården får erverve Sandbusgarden, eit avslag vil ikkje gi betydeleg betre effekt i høve busettinga i området. Du meiner Gården fyller alle vilkår for konesjon og at det samla sett er det beste med tanke på busetting og det aktive landbruket.



Kommunen meiner det er overvekt av moment som talar for å avslå søknaden og trekkjer fram busettingsomsynet og det spesielle tilhøve knytt til S.F. og aksjeeigaravtale. Kommunen legg vekt på at ervervet ikkje er vesentleg for sauehaldet til Gården og at egedomen er eigna som sjølvstendig eining.

Hovudutvalet behandla saka på nytt den 11.06.2024 i sak 28/2024 og vert samrøystes om å halde fast ved vedtaket frå 16.04.2024.

Det visast til saksdokumenta.


Den 24.06.2024 sender seljarane av Sandbusgarden, Torill og Ola Fagernes, ein e-post til Vågå kommune, den er stila til Statsforvaltaren. Dei skriv at dei ikkje er einige i kommunen sitt vedtak. Dei skriv at det ikkje er tilstrekkeleg avkastning frå fellesfjaset til å dekkja eit lån tilsvarande kjøpesummen, at fjaset på Sandbusgarden er så dårleg at det ikkje kan startast opp med dyr der utan store investeringar. Det er heller ikkje fôrgrunnlag eller spreieareal for å starte med anna produksjon ettersom garden p.t. er bunde opp mot S.F. Dei kjem og med opplysningar om deira privatøkonomiske situasjon der konsesjonsavgjerda har stor betydning.

## Eigedomsinformasjon:

Matrikelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebygd, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
☐ 3435-48/1 Areal i dekar									
3435-48/1	2	144,6	0,0	62,2	37,9	6,3	9,8	0,0	260,8
Sum	2	144,6	0,0	62,2	37,9	6,3	9,8	0,0	260,8

Garden ligg i Skårvangen, om lag 11 km frå Vågåmo. Tunet ligg på om lag 740 m.o.h. Jordvegen ligg godt arrondert rundt gardstunet. Skogen på garden ligg ned for garden mot elva Finna.

Iht. taksta frå Kjell Hølmo er garden med i S.F. Heilt presist er dette ikkje, det er eigar av garden Ola Fagernes som har ein aksjepost i S.F. Aksjeposten fylgjer med i salet av garden men må i denne samanheng sjåast som ein del av driftslausøyre. Fellesfjaset ligg på ei tomt utskild frå konsesjonseigedommen og det er S.F. som står med eigarheimel til tomta. Kartutsnittet under viser konsesjonseigedommen g/bnr 48/1, garden som konsesjonssøklar eig frå før g/bnr 58/1 og plassering av fellesfjaset.



Husa på garden omfatter våningshus, kårbustad, stabbur, skåle, eldhus, eldre redskapshus og driftsbygning med garasje. Frå taksta til Hølmo les ein at husa er i god stand. Det er odell på garden men ikkje kår. Garden har ikkje seter men har allmenningsrett i Langmorkje og Finndalen statsallmenningar. I Finndalen, kor garden har beiterett, er det utvist dyrkingsparsell kor denne garden har 1/3-del i lag med to andre bruk.

## Statsforvaltarens vurderingar:

### Klagerett og klagefrist:

Din klient Tom Erik Gården er part i saka og har klagerett jf. forvaltningslova (fvl) §28. Avslaget vert fatta den 16.04.2024 medan klaga er datert 29.04.2024. Klagefristen på tre veker jf. fvl. § 29 er overhalde. Statsforvaltaren er rett klageinstans i saker etter konsesjonslova<sup>1</sup>. Dei formelle vilkåra for å ta klaga til handsaming er difor oppfylt.

Som klageinstans skal Statsforvaltaren vurdere dei synspunkta som er sett fram i klaga, men kan og ta opp forhold som ikkje er teke opp av klagar. Klageinstansen kan prøva alle sider av saka og ha omsyn til nye omstende. Ved prøving av det frie skjønn, skal omsynet til kommunalt sjølvstyre bli tillagt stor vekt, jf. fvl. § 34 andre ledd.

### Rettsleg grunnlag:

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetninga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, jf. konsesjonslova §1. Det følgjer av nemnde føresegn at det mellom anna skal takast omsyn til framtidige generasjonar sine behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsiinteresser og omsynet til busetjinga.

<sup>1</sup> Forskrift 2003-12-08-1479, § 8



Ved erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksformål, skal det leggjast særleg vekt momenta som kjem fram av konsesjonslova §9. I tillegg skal det med enkelte unntak gjennomførast priskontroll, jf. §9a. Det visast til lovteksta.

Det kan og leggjast vekt på andre omsyn enn dei som er direkte nemnt i ordlyden i lova, eksempelvis kommunale planar og retningslinjer, men då berre med alminneleg vekt. Utgangspunktet er at ingen har krav på konsesjon, men konsesjon skal givast om det ikkje er saklege grunnar for å avslå<sup>2</sup>.

#### Skårvangen Fellesfjos AS

Konsesjonssaka tek for seg tilhøva med at Ola Fagernes sin aksjepost i S.F. fylgjer med i handelen. Det er gjort greie for avtalen mellom aksjeeigarane og korleis denne regulerer forholda mellom aksjeeigarane og eigarane si plikt til å levere grovfôr og å halde mjølkekvote for S.F. Det kjem og fram at når lånegjelda er innfridd fristiller det aksjeeigarane frå si fôrleverings- og kvoteplikt.

Statsforvaltaren registrerer at det i saksdokumenta vert gjort vurderingar, både frå kommunen og klagar, om korleis ervervet vil verke inn på eigarsitsen i S.F. og kva for verknader dei ulike løysingar kan gje. Det er mellom anna vist til aksjeeigarane sin forkjøpsrett iht. aksjelova. Statsforvaltaren vil peike på at erverv av aksjar ikkje er regulert av konsesjonslova, og vil som tidlegare påpeikt verte sett på som ein del av lausøyre på garden. Det skil denne retten frå eksempelvis allmenningsrett og beiterett som er ein rett som høyrer garden til og som ikkje kan skiljast frå garden utan samtykke etter jordlova § 12. Eigaren sine private aksjeposisjonar har ikkje same knyting til eigedomen.

Statsforvaltaren ser at det er usikkerheit knytt til korleis ulike løysingar kan ha ulik verknad iht. eigarskap, styring og framtidig drift av fellesfjoset. Dette vil likevel etter Statsforvaltaren si vurdering vere eit utanforliggjande moment og faller utanfor konsesjonsvurderinga.

#### Busettingsomsynet:

Du har i klaga peika på at kommunen i for stor grad har lagt vekt på busettingsomsynet opp mot andre omsyn, t.d. omsynet til ei god driftsmessig løysing. Statsforvaltaren gjer merksam på at det ikkje er lagt føringar om korleis ein kan vekte dei ulike momenta opp mot kvarandre, så lenge ein her talar om momenta som det skal leggjast særleg vekt på. Kommunen står difor nokså fritt i å vektleggja busettingsomsynet tungt.

Korvidt busettingsomsynet gjer seg gjeldande og med kor stor tyngde, må fylgje av ei konkret vurdering. Rundskriv<sup>3</sup> seier her mellom anna at «*Det må tas stilling til om det er nedgang eller fare for nedgang i folketallet i denne delen av kommunen. Bosettingshensynet kan tilsi at søknaden avslås. Et eksempel på at det kan være tilfelle er hvor eiendommen er kjøpt som tilleggsjord, men hvor kommunen mener at den bør være en selvstendig enhet.*» I denne saka er det opplagt at kommunen ut frå bustadomsynet meiner eigedomen bør halde fram som sjølvstendig eining. Det er vel heller ikkje tvil om at folketallet kan vere i nedgang for denne delen av kommunen. På det grunnlaget er det god grunn for å leggja stor vekt på busettingsomsynet.

Statsforvaltaren viser til rundskrivet som på s. 25 seier at «*Ønsket om å styrke bosettingen kan bare vektlegges dersom det er grunn til å tro at andre som ikke allerede bor i området, vil erverve eiendommen med sikte på selv å bo der. Gjelder saken erverv av tilleggsjord, vil bosettingshensynet kunne ivaretas dersom det er grunn til å tro at en utvidelse av ressursgrunnlaget er med på å danne grunnlag for videre bosetting på eiendommen.*»

---

<sup>2</sup> Ot.prp. nr. 79 (2002-2003) s. 76

<sup>3</sup> M-1/2021 punkt. 5.2.3 s. 24



Denne referansen inneheld to moment som synast viktige i denne saka. Det eine er om det er grunn til å tru at det er andre som er viljuge til å erverve eigedomen for å ta den som bustad. Det andre er om det er grunn til å tru at busettingsomsynet vert ivareteke dersom ervervet bidreg til å styrke busettinga på den eigedomen som konsesjonssøklar har frå før.

Frå klaga har vi fått opplyst at det har vore alminneleg kjend at dei tidlegare eigarane ville selje, og at det har vore ein interessent som ikkje fekk naudsynt finansiering iht. takstverdi på 4,5 mill. Statsforvaltaren har i anledning saka vore i telefonisk kontakt med landbrukskontoret for Sel og Vågå. Landbrukskontoret opplyser at dei ikkje har vore kjent med at eigedomen skulle seljast før salsprosessen vert starta opp. Kontoret opplyser vidare at dei erfarer at det er stor interesse for å kjøpe gard i kommunen der formålet er busetting og landbruksdrift. Andre undersøkingar om korvidt det er andre som reelt sett ville kjøpe eigedomen med føremål busetjing synest det ikkje som om kommunen har gjort.

Landbruksdirektoratet har nyleg omgjort Statsforvaltaren i Innlandet si klageavgjerd i ei sak i Stor-Elvdal kommune som omhandla konsesjonsnekt på grunnlag av busetjingsomsynet. Konsesjonseigedomen vert kjøpt som tilleggsareal til ein annan gard der konsesjonssøklarane bur. Eigedomen låg ute for sal i to mnd, i tillegg til konsesjonssøklarane var det tre interessentar på visning men berre konsesjonssøklarane som la inn bod. I den saka har direktoratet vist mellom anna til Sivilombudet som har uttalt følgjande:

*«At en interessent faktisk har uttrykt interesse for å overta eiendommen må nok være et minstevilkår. Utover dette må det etter mitt syn foreligge konkrete forhold som etter en skjønnsmessig helhetsvurdering tilsier at en interessent er et reelt alternativ til konsesjonssøker.»<sup>4</sup>*

Landbruksdirektoratet kom i saka til at det ikkje var tilstrekkeleg sannsynleggjort at det var andre som ville overta eigedomen for å bu på den. I avgjerda skriv direktoratet at «*det på vedtakstidspunktet ikke forelå forhold som tilsier at det var andre reelle alternative interessenter til konsesjonseiendommen. Bosettingshensynet utgjør derfor ikke saklig grunn til avslag av konsesjonssøknaden i denne saken*». Til saken kjem det faktum at korkje kommunen eller Statsforvaltaren hadde gjort nærare undersøkingar om andre alternativ som ville medført personleg buplikt på eigedomen. Direktoratet kom så til at konsesjon måtte givast men med vilkår om fem års upersonleg buplikt.

I her verande sak har eigedomen ikkje vore lagt ut for sal i den opne marknaden, det ligg difor ikkje føre opplysningar som seier noko om det var andre som ville kjøpe eigedomen, utover dei opplysningar som kjem frå deg. Kommunen har med kjennskap til lokale tilhøve, og ut frå erfaring med andre gardssal, opplyst at «*det er få gardsbruk med mjølkevote til sals på den opne marknaden. Slik sett er det realistisk å få inn ein aktiv drivarfamilie, om eigedomen vart omsett på den opne marknaden*». Kommunen har ikkje gjort konkrete undersøkingar om det finnest andre aktuelle kjøparar av eigedomen.

Statsforvaltaren ser at det ikkje utan vidare er enkelt for kommunen å påvise eller dokumentere alternativ som medfører busetjing. Det er annleis i tilfelle der ein kan kontakte naboar mht. interesse for å kjøpe tilleggsjord. I slike høve kan ein ta kontakt med ein avgrensa krins av eigarar av landbrukseigedom. Den moglegheita har ein ikkje for å kunne dokumentere interesse for kjøp av gard som sjølvstendig eining, bl.a. er det eit krav om at det må vere aktuelle interessentar som ikkje allereie bur i området.

---

<sup>4</sup> SOMB 2012-1105



Dette leier uansett til det faktum at det på vedtakstidspunktet ikkje låg føre reelle alternativ til at Gården ville kjøpe egedomen. Busetjingsomsynet utgjer derfor ikkje sakleg grunn for avslag i denne saka, all den tid konsesjonssøklar allereie bur i området, kjøper egedomen som tilleggsjord og ervervet må reknast som ei styrke for den etablerte busetjinga.

Om busetjingsomsynet viser vi elles til at konsesjonssøklar har gjort avtale med Vågå kommune om utleige av baa bustadhusa til flyktningetenesta, noko som vil føre med seg busetting på garden og at husa vert brukte. Slik Statsforvaltaren vurderer saka ser vi at vilkår om upersonleg buplikt kan vere hensiktsmessig for å ta vare på bustadomsynet.

#### Driftsmessig god løysing:

Vågå kommune har vektlagt at sjølvstendig drift og busetjing gir den beste driftsmessige løysinga i saka. Statsforvaltaren er ikkje ueinig i at sjølvstendig drift og busetjing på denne type landbrukseigedomar er ynskjeleg. Dei faktiske tilhøva i saka tilseier likevel etter vår vurdering at dette ikkje er eit reelt alternativ. Statsforvaltaren si vurdering er at Gården si skisserte løysing, og det faktum at han gjennom dei siste åtte åra har drive garden gjennom leigeavtale, gir ei tilfredsstillande god driftsmessig løysing. Vi viser til arronderingsmessige tilhøve, avstandar og kva som er pårekneleg drift i området.

#### Andre omsyn:

Gården har drive som gardbrukar ei årrekke og vi ser han som skikka til å erverve egedomen.

Statsforvaltaren ser som tidlegare nemnd at å føre konsesjonsegedomen vidare som sjølvstendig egedom ikkje er aktuelt for vurderinga i denne saka. Dette på grunn av at det ikkje ligg føre andre aktuelle interessentar. Vi kan difor ikkje sjå at omsynet til ei heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet under dessa høva talar mot at Gården skal få konsesjon.

#### Priskontroll:

Egedomen er utbygd, har meir enn 35 daa dyrkamark og kjøpesummen er over 3,5 mill kr. Det skal difor vere priskontroll ved ervervet jf. konsl. § 9a. Vågå kommune har i si saksutgreiing kome til at den avtala kjøpesummen ikkje strir mot omsynet til ein samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling for landbrukseigedomar. Statsforvaltaren tiltrer kommunen si vurdering. Kjøpesummen godkjennast.

#### Omsynet til det kommunale selvstyret:

Kommunen skal utøve eit lokalt skjønn og forvalte dei landbrukspolitiske verkemidlane innafor rammene av nasjonal politikk. I saker som behandlast etter konsesjonslova gjer ei rekkje nasjonale omsyn seg gjeldande. Dagens landbrukslovgeving og verkemiddelbruk er knytt til slike nasjonale mål. Når organ på kommunalt nivå behandlar saker etter disse lovane, er det etter delegert myndigheit frå Landbruksdepartementet. Det fylgjer av forvaltningslova § 34, annet ledd, tredje punktum at det skal leggjast stor vekt på det kommunale sjølvstyre ved prøving av det frie skjønn. Vi viser til departementets rundskriv M-2/2021 side 4 kor det vises til at kommunene har eit vidt handlingsrom i sakar kor lokale forhold skal vektleggjast.

Dette inneber at Statsforvaltaren skal utvise varsamheit med å overprøve kommunens praktisering av det lokale handlingsrommet. Samtidig fylgjer det av Retningslinjer for statleg klagebehandling<sup>5</sup>, at nasjonale omsyn som omsynet til busetjing i distrikta, er mål som det leggjast stor vekt på i sakar

---

<sup>5</sup> Rundskriv H-1998-2103 pkt 9 frå Kommunal- og Moderingseringsdepartementet





etter blant anna konsesjonslova. Når disse nasjonale måla gjer seg gjeldande, vil det kommunale sjølvstyre kunne ha mindre betydning.

I denne saken ser Statsforvaltaren at Vågå kommune har vedteke retningslinjer for korleis ein skal behandla saker etter jord- og konsesjonslova der mellom anna omsynet til busetjing og bruksstruktur i kommunen gjer seg gjeldande. Retningslinjene vart vedteke i 2021 etter ei tilråding frå eit politisk nedsett utval. Tilrådingane seier ikkje direkte korleis utfall i slike saker skal vere, men seier mykje om korleis sakene skal verte vurdert og kva som skal vektleggjast. Slike retningsliner kan ikkje tilleggjast meir enn alminneleg vekt i saksvurderinga, men kan vere ein god reiskap mellom anna for å få ei heilskapleg handsaming av samanliknbare saker og det kan bidra til at kommunen vert føreseieleg. Statsforvaltaren synes dette er ei god tilnærming frå kommunen si side, men vil og framhalde at det er viktig at kommunen held seg innanfor rammene av lova og av nasjonal politikk.

#### Samla vurdering:

Etter ei samla vurdering er Statsforvaltaren kome til eit anna resultat enn Vågå kommune. Statsforvaltaren gjer difor om kommunens vedtak etter fvl. § 34 andre ledd.

#### Vilkår for konsesjon:

Etter konsl. § 11 fyrste ledd kan konsesjon givast på slike vilkår som i kvart einskild tilfelle synest naudsynt av omsyn til de føremål som lova skal fremja. Etter § 11 andre ledd skal det ut frå omsynet til busetjing, heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet tas stilling til om det er naudsynt å stille vilkår om buplikt, og om buplikta skal vere ei personleg plikt for konsesjonssøkjjar.

Statsforvaltaren vurderer at omsynet til busetjing i denne saka kan ivaretakast ved å setje vilkår om upersonleg buplikt. Det vert opplyst i saka at Gården har gjort avtale med Vågå kommunen om busetjing av flyktningar. Det vil slik vi les søknaden i alle tilfelle vere naudsynt å leige bort bustadane for å kunne forrente kjøpet. Statsforvaltaren vurderer det som hensiktsmessig og forholdsmessig å setje vilkår om upersonleg buplikt.

Konsesjon for eigedomen g/bnr 48/1 i Vågå innvilgast difor med vilkår om fem års upersonleg buplikt, med frist for at nokon tek eigedomen som heilårs bustad innan eit år etter overtaking, jf. konsl. § 11. Det inneber at nokon må vere folkeregistrert med bustad på eigedomen etter folkeregisterlovens føresegner i kap. 5.

## Vedtak:

**Statsforvaltaren i Innlandet tek klaga frå Tom Erik Gården v/advokat Anders Gustav Bjørnsen til følge og gjer om Vågå kommune sitt vedtak av 16.04.2024. Det betyr at søknad om konsesjon på g/bnr 48/1 Sandbusgarden i Vågå som tilleggsareal til g/bnr 58/1 er innvilga.**

**Det stilles vilkår om fem års upersonleg buplikt, men frist for tilflytting innan eit år etter overtaking.**

**Statsforvaltaren sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.**

Vågå kommune bes registrere konsesjonsvedtaket i Kartverket sin matrikkelklient.



Etter fvl. § 36 har ein part som har fått vedtaket endra til gunst rett til å få dekkja vesentlege kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Slik krav må framsetjast seinast tre veker etter at melding om det nye vedtaket er kome fram til vedkommande, jf. fvl. § 36 tredje ledd, tredje punktum.

Med helsing

Vebjørn Knarrum (e.f.)  
avdelingsdirektør

Øyvind Gotehus  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vågå kommune  
Tom Erik Gården  
Ola Fagernes

Edvard Storms veg 2  
Skjervesida 75  
Skårvangsvegen 298

2680  
2680  
2680

VÅGÅ  
Vågå  
Vågå